Statens vegvesen

OLE KRISTIAN KJENES
SEIMSSTRANDA 421
5912 SEIM

| Behandlande eining: | Sakshandsamar/telefon: | Vår referanse: | Dykkar referanse: | Vår dato: |
|---|---|---|---|---|
| Region vest | Tone Bøyum / 55516792 | 18/127294-6 | | 12.07.2018 |

## Svar - Byggjegrense og utvida bruk av avkøyrsle - Lagerhall - fv. 401 - gnr. 176 bnr. 1 i Lindås kommune

Statens vegvesen viser til søknad mottatt 06.06.2018. Vi viser og til din utfyllande kommentar mottatt 27.06.2018. Vi var på synfaring på staden 04.07.2018.

Du søkjer om utvida bruk av avkøyrsle og oppføring av lagerhall.

Bygget er plassert 18 meter frå vegmidte. Arealdelen av kommuneplan for Lindås har eigne føresegner om byggjegrense langs veg jf. *1 Generelle føresegner og retningsliner. Pkt. 1.6.* Det er difor Lindås kommune som eventuelt skal behandle ein søknad om dispensasjon frå byggjegrense langs veg. Du har oppgitt ein avstand frå vegmidte på 18 meter til næraste bygningsdel, og vi har ikkje merknad til dette.

Du opplyser at du skal oppbevare landbruksreiskaper, ved og gardssag i bygget slik at du får flytta dette ut frå tunet og skape eit meir presentabelt tun. Vi legg til grunn at den bruk du skisserer er i samsvar med LNF-føremål jf. arealplan for Lindås. Vi vurderer difor at det ikkje er behov for å søkje om endra bruk av avkøyrsla.

Plan og forvaltning, Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
faggruppekoordinator

Tone Bøyum
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi
Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ